


Åreblad



NR 2 2010 – INFORMASJON FRA HORDALAND FYLKESKYSTLAG – 17.ÅRGANG




Foto: Cecilie Holm

Britt Jorunn med båten full av unger.

Les mer om Britt Jorunn og barnehageungene på side 9.

Hilsen fra leder	2	Britt Jorunn og hennes flokk	9
Hordakyststemne 2011	3	Gavlabåten "Johannes" er sjøsett!	10
Redningskryssaren "Olav Østensjø jr."	4	Råseglkurs med "Den gode Hensigt"	11
Galeas "Gurine" – eit kulturminne	7	Sveio kystlag	13
		Austevoll kyst- og sogelag	15

Hilsen fra leder

Det ble et velorganisert Hordakysttreff hos Bergen Kystlag i juni. Orntlig sjitvær, med regn, kaldt og mye vind la en demper på programmet. Rotur til Torgdagen ble byttet ut med godt påkledd tur i Sognejekta. På kvelden var det flott fest. Søndag var været litt bedre. Vi rodde presten til gudstjeneste. Nydelig gudstjeneste i kjelleren, og fin avslutning med kirkekaffe på loftet.

Forbundet Kysten har hatt roing som hovedtema i år. Navn på kampanjen er "Ta din åre fatt". Det har vært to hovedtema. "Den gylne åre" har fått mange til å ro langt. Mange unge har tatt årene fatt, og gjennomført oppgaver for å ta "Roknappen". Jeg tror dette var en fin måte å få opp interessen for å ro. Det er mange som har fått sansen for å ro, og vil fortsette med det.

Sagvågen Kystlag inviterte til en hyggelig lørdag i slutten av oktober med samling av styret i fylkeskystlaget og representanter fra lokallagene.

Utover høsten har kystlagene fått båter på land, fyrt i ovnen

og møttes i lune naust og klubblokaler. Vi fikk en orientering fra lokallagene, og hva man har arbeidet med i år.

Sveio KL v. Eivind: møtes onsdager. Lager grindabygg, har stor "motorgruppe". Har hatt kurs og prosjekter. Har klarlagt flyfoto for kommunen som skal på internett.

Keipane KL v. Anne: Streif i 1.mai-helgen sammen med ungdomslaget. Arrangert "Roknappen". Familiefiskekonkurranse med stor oppslutning.

Tysnes KL v. Leif Dagmund: Solstråleøye er laget grindabygg. Et stort prosjekt er "Oldefarbåten". Seksæring som sto om i forrige Åreblad.

Hope Trebåtlag v. Ingunn: Raunefjordseglass i pinsehelga. Med seglass, plankebåtbygging for barn, og fiskekonkurranse. Har flere fine gode gamle båter å holded vedlike.

Holsnøy KL v. Rune: Jobber med å få tilhold på Skjelanger Fort for medlemmer og båter.

Fjell KL v. Reidar: Mange flotte båter, og bygninger.

Damene baker for salg på Torgdagen.

Sagvågen KL v. Målfrid: Flott klubblokale i "Krambua". Flere fartøy og flott bryggeområde

KL Romsa v. Helene: Arbeider med restaurering av gården på Romsa. Har mange fine tilstelninger. Torskemiddag, dans i siloen, deltar på Hamnedagene i Haugesund.

. . . . og mye mer (gjelder alle kystlag). . . .

Sveio foreslo at vi avholder årsmøte hos dem. Dette er senere bekreftet og bestemt til å bli i skolestua til Sveio Kystlag 19.februar 2011.

Vi får invitasjon til Hordakyststevne i Sagvågen 17.-19.juni 2011. Vi ble vist rundt på det som kan bli stevneområde. Jeg tror dette blir gjysla kjekt.

Jeg ønsker dere alle et rikt, nytt kystår 2011 – i båter, naust, brygger og fjæra

Hilsen fra Anne

**Hordaland Fylkeskystlag
ønsker god jul og et godt nytt kystår til alle
medlemmer!**

Sagvågen kystlag ynskjer velkomen til Hordakyststemne i juni 2011

Det følgende verset er dikta av Elna frå Austevoll kyst- og sogelag og var opplesen på festen om laurdagskvelden på det forrige Hordakyststemne i Sagvågen i 2002.

No er det berre å leggja seg i selen i vinter og pussa båta- ne for å setta kursen mot Sagvågen igjen til stemne!

Me ser fram til å møtast igjen i Sagvågen 17 - 19 juni 2011.

Signe Stemnefolk!

Store Sigurden, sjefen sjølv, samla saman sveinane sine, og sende dei sørover til Sagvågen på sommarstemne, for skikke- lege seglbåtar og skuter, slik det sømer seg om sommaren! Strandsittjarane i Sagvågen skipa til suverent småbåtstem- ne, der stolte sjøulkar slår seg saman og skryter av skutene sine. Snakkar om segl, selgfø- ring, stormar og styggaver!

Strilane frå Søre Huftarøy og Selbjørnen selga sørigjennom Selbjørnsfjorden og Segl- bjørnsfjorden i sik-sak. Sik- sak-seglinga skuldast sikkert sutlevatnet og snusen i skips- kista!

Staute og sjølvsikre i sydvest og støvlar, set dei og ser på Slåtterøyfyren, som står så stiv og stram, og på Siggjofjellet som syner seg i synsrande i sør!

Salsbodene i Sagvågen struttar av suvernirar og snurrepiperi- er, sveler, supa og slike saker som er snadder for svoltne seglarmagar!

Så strandar sjøstrilane i Sag- vågen på Stordøya, sveitte, sjegete, solbrende og skitne skundar dei seg inn i sove- nausta, slengjer sure sokkar på stolane, strekjer seg i sengene og sovnar.

Snorkar og snur seg så sengje- ne skakar! Sletne etter seg- linga og styggasnakket sør- rigjennom Sunnhordland. Seinare sansar strilane song og spel, og sanneleg ser du små- jenter i solkjolar og sandalar, og store, svulmande Sag- vågsvaier som svingar seg saman med sjøfolk frå Sveio, Selbjørnen, Stolmen, Siggjar- våg og slike stader, i sosialt samvær i samfunnshuset!

Søndagen, så seglar strilane same strekninga som sist! Siste rest av sjømannskosten i skipskista smakar storarta. Siktabrød med smør og sirup, salami og sardiner, skylt ned med sider og solv!

Snart senkar stillheten seg over Sagvågen, og strand- sittjarane snakkar saman, og synes stemnet var ein strålan- de suksess, sjølv om det var svinaktig sværa sjau og spe- takkel av stemnestrilane!!

Sigeren av storseglasen synte seg slett ikkje å vera sikra før start! Skipperen og sveinane synte stort sjømannsskap, snudde sixpencehuene og smilte! Sigeren av sølvstaupet vart sikra i skuggen av Siggjo- fjellet! Sherryen til Sverren smakte støvandes søtt etter sigeren!

Ser dåke ein seinare sommar på same slags stemne!

So long frå Strilakjærringjo frå Søre Huftarøy - på Horda- kyststemne i Sagvågen 27. - 30. juni 2002

Elna Engelsen –
Austevoll Kyst- og Sogelag



Sagvågen kystlag har gjennomført ikkje mindre enn 3 sesongar med båtbyggarkurs. Totalt vart det bygd 18 båtar på desse kursa. Det er laga dvd-film av båtbyggarkursa, denne vert om mogeleg vist på stemnet i Sagvågen i juni 2011.

Foto: Ingunn Vardøy

Sagvåg er ei bygd i Sunnhordland med en rikholdig båtbyggertradisjon. Følgende artikkel er hentet fra *Ausefatet 1998, Båtar bygde i Sagvåg* utgitt av Sagvågen Kystlag og trykket med tillatelse fra kystlaget.

Redningskryssaren "Olav Østensjø jr."

Av Lars Mæland

Haugesundsguten Olav Østensjø jr. var ein av mange nordmenn som ofra livet på sjøen under andre verdskrigen. Olav hadde reist til Skottland i 1939, for å setja seg inn i drifta av fiskebedrifter. Dei planane blei dramatisk endra i og med krigsutbrotet, og unge Østensjø kom etter kvart i teneste i marinen. Han kom levande frå to forlis, men hadde lange opphald på sjukehus. Tredje gongen slo alt feil. Olav Østensjø jr. tenestegjorde på ein minesveipar, og den siste krigsdagen, 8.mai 1945, forliste han og kom bort i den engelske kanal, 27 år gamal.

Dette var eit hardt slag for familien, skipsreiar Olav Østensjø og fru Jenny frå Hauge-sund. Dei bestemte seg for å

byggja ein redningskryssar til minne om sonen: "Olav Østensjø jr."

Skipsreiaren fekk ikkje fullføra tanken og ønsket, då han døydde etter ei ulukke i Bergen i 1947. Fru Jenny Østensjø vidareførte ideen om bygging av redningskryssaren. Ho var god ven, og i slekt med Gunnvald Ottesen, og det var ho som bestemte at oppdraget skulle gå til Ottesen Skipsbyggeri i Sagvåg.


Trygve Oma blei hyrt inn som arbeidsleiar for byggeoppdraget, og han fortel her med eigne ord om ein del av dei utfordringane dette baud på.

Eg vil her fortelja om bygginga om redningskryssaren "Olav Østensjø jr." ved Otte-

sen Skipsbyggeri i Sagvåg, eit arbeid som vart påbegynt den 1.6.1950 og overlevert til Redningsselskapet den 14.11.1951, og om korleis eg kom med i dette arbeidet.

32 år var eg på denne tida då arbeidet tok til. Med mange år som båtbyggjar ved vårt eige båtbyggeri, O. Omas Båtbyggeri, hadde eg fleire periodar alt frå 1940 arbeidd ved Ottesens Skipsbyggeri og var kjend der. Eg hadde den æra og var stolt av og verta testa og prøvd i arbeid i lag med bror av Gunnvald Ottesen, som til dagleg hadde heidersnavnet "Nils Meister".

Han var ein dyktig skipstømmermann og hadde innsyn i det praktiske arbeid på verven, mens broren Gunnvald var



den som hadde dei beste tale-gaver i forretning. Nils og Gunnvald eigde skipsbyggeri-et saman. Diverre vart Nils Meister sjuk og døydde i 1943.

Det var mai månad 1950. Gunnvald Ottesen ringde i telefonen og ba om eit møte på Leirvik. Det var ei stor oppgåva han ville diskutera, og tida vart fastlagd til møte på Hotell Folkvang i Leirvik. Me fekk matstova til rådighet med mange bord, og her vart teikningane av redningskryssaren "Olav Østensjø jr." utlagde og forevist.

Det var ingeniør Richard Furuholmen frå Oslo som hadde konstruert ein ny redningskryssar 68 fot lang, med stor aksjonsradius og gode sleipeeigenskapar. rednings-selskapet hadde motteke "Olav Ringdal jr." som var bygd etter same teikning, og redningskryssaren "Therese Klavenes" var under bygging ved Kittelsens Båtbyggeri i Risør. "Olav Østensjø jr." var den tredje kryssaren etter same teikning.

Eg var straks på heimebane her. Ing. Furuholmen sine teikningar kjende eg att frå båtar me hadde bygd, men på mindre båtar. Furuholmen var på denne tida landets fremste båtkonstruktør, og kjend langt utom dei norske greser. Spesifikasjon vart lesen og gjennomgått og det var mange ting som var ukjendt i vanleg skipsbygging. Spanta i båten skulle stimkokast og bøyast av rette kvistfrie eikeplankar. Alle dekk og overvanns hudplankar skulle drivast med bomullsgarn ikkje tjoredrev. Dette var ikkje ukjendt driving for meg. Det var i det heile eit

stort og krevande arbeid for dyktige fagfolk frå kjølen til den siste finpuss på innredning.

Gunnvald Ottesen var noe in eldre mann som snart ville overlata verftet til yngre krefter, med denne oppgåva hadde han hug til å avslutta sine mange år i medgang og motgang som skipsbyggjar, av fiskefartøy, fraktefartøy, rutebåtar og ishavskuter. Her skal eg bruke Ottesen sine egne ord: "Eg har lagt prosjektet fram for gutane, men dei meiner det ikkje er båt som høver for dei å byggja, kva meiner du, Oma? Trur du me kan byggja denne båten?" Og svaret mitt vart: "Kan Gunnvald Ottesen halda pengar til arbeidet, og samla dei beste fagfolk me har rundt oss, er det ingen vanskar med å byggja denne båten".

Etter min uttale vart Ottesen synleg letta. – Eg skal halda pengar, men på vilkår at du kjem til Sagvåg og leiar arbeidet på båten.

Måndag 1.juni 1950 vart arbeidet på kryssaren "Olav Østensjø jr." påbegynt ved Ottesens Skiosbyggeri på Jenesaneset i Sagvåg. Den første som tok til var meg sjølv som leiar av arbeidet, med planlegging, avslagning frå teikning til til risse og spanteplan. Martin Hetlelid som og arbeidde heime ved båtbyggeriet på Døso vart med i arbeidet på kryssaren. Drosjeeigar i Sagvåg, Edvin Vinsjevik med sin nye franske Ford Wedette, utstyrt med radio som då var nytt i bilar, henta oss på Døso kvar morgom og køyrde oss heimatt etter arbeidstid kvar dag, også laurdagen som var arbeidsdag då.



Nokre av båtbyggjarane om bord på "Olav Østensjø jr." 40 år etter. F.v. Olav Skogseide, Kristian Aarbø og artikkelforfattaren Trygve Oma.

Etter den første veka var den store bedden ved slippen rydda, og eikekjølen som var henta frå Kristiansand, vart teken opp av sjøen og skoren på oppgangssaga der Ragnvald Spissøy stod for all skjering på verven.

I bedden der kryssaren skulle stå vart det bygd kar av høvelege kubbar som kjølen skulle liggja på. Dette var eit arbeid som laut gjerast etter faste reglar i høveleg arbeidshøgde, med godt underlag for eit tungt fartøy.

Stabelavlaup laut og tenkjast fram til. Etter den første veka var kjølen på plass, samansett i to deler i lengda, langlask med hake innlagt med låsar og skjørnagle, kvistfri og utan vannkant, med kneet mellom kjølen og stevne pålagt.

Arbeidet med kryssaren vart følgd med ørneblikk av ver-varbeidarane, og mange bemerkningar laut me høyra og tola, her laut ein ha hud som lær og ikkje vera hårsår, som dei sa før i tida. Spørsmålet var om det var møblar me skulle laga no.

Etter at alle riss av spant var komen på spanteplanen og modellspanta kom i arbeid, vart fleire med i arbeidet. Det var utvalde skipstømmere som var samla på kryssaren.

Martin Hetlelid, Lars Stokken frå Dåfjorden, Vilhelm Høviskeland, Olav Skogseide, Alfred Spissøy, var med under oppspantning og meg sjølv som leiar av arbeidet. Fem mann på det jamne. Etter ei stund slutta Lars Stokken og Mikal Skjelvik frå Tysnes kom etter han.

Redningsskøyteskipper Hans Klyve frå Os skulle overta kryssaren som skipper, han var redningsselskapet sin daglege kontrollør, mange liter antiparasit (impregnering av treverk) smurde han på spanta i sommarvarmen.

Etter at modellspanta var oppsette vart det innsett bunnstokkar som dei bøygde spanta vart festa til, over bunnstokkane kom kjølsvinet som var like stort som kjølen, men av furutre. Ved sida av kjølsvinet eit sidekjølsvin også kalla søsterkjølsvin, eit på kvar side av kjølsvinet. Reve-se vart innlagt på innsida av spanta som følgde springen, der alle bjelkar i heile båten vart lagde på, nedstemde med hakar og gjennomgående skruboltar. To omgangar med vegarar under reveseen, i kjimmingen tre omgangar med biholdter, festa på innsida av modellspanta.

Alt var godt avstiva, her skulle ikkje vera svikt i skroget når dei store eikespanta på 6x6 tommar, to plankar utanpå kvarandre 3x6 tommar som vart tvinga inntil skutesida med taljer frå dekk, godt stimkokte og varme. Kokebrya, eller stimkassen som spanta vart kokt i låg ca. 50 meter frå bedden der kryssaren stod. Stimkjelen som vart brukt til opphaling av fartøy i Stora-redno vart sett i stand, og me var klar til å ta til med bøyging

av spanta sommange såg fram til med forventning. Kvar mann hadde fått sitt faste oppdrag, alt var grundig gjennomtenkt, og me tok til på dette arbeidet med friskt mot.

Med kraftige arbeidshanskar, spanta var varme, til stimkassen gjekk eg først i laget, opna døra og drog ut eit spant. Olav Skogseide overtok og drog spanta ut til endes, der overtok Vilhelm Høviskeland andre enden, og full fart avgarde, døra i stimkassen vart attleten av meg. I travsprang bar det til bedden med det varme spantet som dampar som eit lokomotiv. Olav og Vilhelm i kvar ende av spantet og meg etter. Under båten i bedden venta Martin Hetlelid med jernbandet som vart festa på spantet. Alfred Spissøy oppe på dekket var klar med taljen som vart hukka i klaven, og spantet vart trekt inntil skroget med taljen. Då spantet var kome fast opp til skutesida tok me ei kvild til spantet var kolna og jernplata teken av for klargjering av neste spant.

Etter kvart som dagane gjekk tetna det til med vellukka og feilfrie stimkokte og sveide eikespant på redningskryssaren. Det gjekk ikkje heilt utan merknad frå klubbformannen på verftet, det var ikkje rett å driva arbeidsfolk til å springa under arbeid. I samråd vart dette teke opp til drøfting, me sprang av fri vilje, spanta laut bøyast når dei var varme. 14 dagar gjekk med til å stimkoka og bøya (sveia) eikespanta på redningskryssaren.

Så langt Trygve Oma si fortelling om arbeidet, eit arbeid som blei slutført i november 1951.

Eit meisterstykke i skipsbyggjingskunst.

Det var ein vakker og god båt kaptein Hans Klyve frå Os og dei 4 mennene han har med seg har fått å føra, skreiv Sunnhordland etter overleveringa. Avisa omtala "Olav Østensen jr." som eit meisterstykke i skipsbyggjingskunst.

"Olav Østensjø jr." er 67 fot lang, 19 fot bred og stikk 10 fot i djupni. Han har fått ein 240 hk. Wickmann-motor, som gjev fatyet ein fart på 9 ½ mil. Her er ekkolodd, peileapparat, radiotelefon, høgtalaranlegg for båt og hav. Ventilasjonsanlegg, kaldt og varmt vatn i alle lugarer, og ein ny type elektriske omnar som er sers smakfulle og dekorative. Etter måten romsleg opphaldsrom med skuffer og skåp, praktisk ordna. Men det som ein legg mest merke til er sjølve fartyet, eller det fagmessige båtbyggjar og snekkerarbeidet som er lagt ned. Det er vel og bra at Ottesens Skipsbyggeri er gamalt og har tradisjon – men betre er det at skipsbyggjingskunsten ikkje berre vert halden oppe men ført vidare fram og opp til vår tids krav, slik so, m det er gjort her. Ottesens Skipsbyggeri frå sjefen til læreguten har all grunn til å vera stolte av det fartyet som no er levert.

I den vakre salongen er puter og benker trekt med isbjørnskin, og sadelmakar Horneland som har havt dette arbeidet har skilt seg fint frå det, skreiv lokalavisa etter flaggskiftet i Stokksund november 1951.

"Olav Østensjø jr." var på 97 br.reg.tonn, og Wichmannmotoren på 240 hk blei seinare skifta ut til fordel for ein 365 hk GM Detroit, noko som gav ein fartsauke på berre ½ knop. Det var fire mannskapslugarar og ein dobbel lugar akterut, og styrehuset var teikna om all den tid skipper Klyve ikkje ville ha "det buret" av eit styrehus som var på teikninga frå Furuholmen. Trygve Oma teikna det nye, som blei bygd av teak, fint og avrunda og med skikkelege bruvengjer i beste fiskebåtstil.


Haugesund blei første heimehamn for redningskryssaren, som var klar til teneste 14. november 1951. ein av dei

første redningsaksjonane blei dramatisk. I ein kraftig storm utanfor byen blei kryssaren pressa for full kraft mot bøl-gjene som velta over baugen snøggare enn svalkelemmane kunne ta unna. "Olav Østensjø jr." var i ferd med å bli under-vassbåt, men dette blei retta ved å opna rekkene og gi meir aktertrim.

Si lengste arbeidstid fekk "Olav Østensjø jr." på Finnmarkskysten, med base i Vardø. Seinare vart det sju-åtte år på Lofothavet, med stasjon på Træna ytst på Helgelandskysten. Eit år fekk mannskapet om bord tildelt Emilie Robins medalje for årets beste redningsdåd. Det var då dei under

ein førjulsstorm i 1962 berga heile mannskapet på fiskebåten "Håpet" som hadde drive inn i brota ved Kiberg. I alt er det rekna med at "Olav Østensjø jr." har redda 31 menneskeliv frå den visse død i havet. Den har berga 11 farty frå totalforlis, og har assistert 718 farty som har hatt vanskar av ulike slag. I tillegg har den utført 150 sjuketransportar. "Olav Østensjø jr." blei pensjonert i 1981. då blei båten kjøpt av Haugesunds-reiaren Johannes Østensjø d.y. Reiarlaget har seinare nytta den tidlegare redningskryssaren til ulike oppdrag, alt frå vaktbåt og inspeksjonsbåt til tur- og lystbåt. Det staselege fartyet vert framleis mykje nytta.

Galeas "Gurine" – eit kulturminne



For oss som var med på 90 talet i kystlagsamanheng var, "Oline" og "Gurine", Kari og

Georg Gundersen ein institusjon. Dei hadde heimehamn i Sandviken, levde og budde

der. Georg i flekkete kjeledress, smålåten og alltid i arbeid med prosjekt. Og Kari


entusiastisk og oppteken av kystkultur. Seinare heldt dei til i Strusshamn og arbeidde for Kystkultursenter der. Og i 1999 vart landsstevne lagt til Strusshamn.

Livsverket deira var å berga to veteranskuter. Jakt "Oline" frå 1858 og "Gurine" frå 1875. "Oline" er no berga og står trygt på fødestaden Halsnøy i Johs G Eide si varetekt. Men for "Gurine" er framtida uvisst. I dag ligg ho i Sandviken og ein treng ikkje vera spåmann for å slå fast at ho går raskt sin undergang i møte.

"Gurine" vart bygd som jakt i 1874/75 i Skålafjæro i Rosendal av Knut J. Skaala, "Jøra Knut'n. Same mannen som bygde "Gjøa" i 1872 og "Loyal" i 1877. Ho vart levert til Jakob T. Bleie frå Hardanger og bygd for nordlandsfart. Ho var ei klassisk Hardangerjakt 60,1 fot lang ("Gjøa" 72 fot).

Hardangerjakt er eigentleg feil, denne jakttypen vart utvikla i Sunnhordland, men bruka av haringane. Fram til 1900 var ho brukt i nordlandsfarten. Seinare høyrde ho heime på Kristiansund kanten og seinare Vesterålen. Ho fekk no namnet "Halsøy" og var forlengd ti 72 fot og fekk ny motor i 1958/59. Soga er lang og klassisk med nordlandsfart, ishavsturar, fraktfart og mange eigarar.

I 1985 var ho i a/s Nordtang si eige, og var oppdaga av Georg Gundersen. Ho hadde framleis jaktehekken i behald og entusiastasten kjøpte henne. Og i november 1985 låg ho i Sand-



viken. Eit langt og dryg arbeid tok til. Alt som minna om fraktfart vart teke bort. Og etter mange års arbeid steig jaktgaleasen fram. Vi hugsar henne frå mange gilde stemmer.

Å driva å vedlikehalda eit så stort fartøy er ikkje mogeleg for ein privatperson, og offentlig støtte er ikkje lett å få. Ein tilstandsrapport frå 2002 konkluderar med ei vøle på 3.2 mill kr. Ein liten inspeksjonstur i sommar var ikkje særleg oppløftande. Men sjølv ein amatør kunne sjå at det måtte la seg gjera å restaurera skuta til sjødyktig stand. Ny hud over vasslinja, nytt dekk, ein del nye bjelkar, spantetoppar, nye rekkestøtter og skanse-kledning må i alle fall til. Mastrene såg bra ut.

I dag heldt eigarane Kari og Georg Gundersen til på Ål i Hallingdal og har sterke ynskje om at skuta vert berga. Vi som er opptekne av kystkultur har her eit ansvar. Det er lett å finna grunnar:

"Gurine" er eit av dei eldste treskuter som flyt.

"Gurine" har ein klassisk historie som er godt dokumentert.

"Gurine" er knytt til ein flott fartybyggjar tradisjon og område.

"Gurine" er eit vakkert farty.

"Gurine" kan i oppbyggingsperioden og i etterbruk vera eit prosjekt som kan ta vare på og sysselsetja ungdomar som treng nytt miljø og oppgåver.

Det er lett å utfordra nokon til dette løftet. Bergen by og Bergen Kystkultursenter står lagleg for hogg. Eg vil syna til jakt "Dyrafjell" ex. "Anna Kristina" som Oslo kommune har restaurert for 20 mill og held eit mannskap på 5 til å driva og vedlikehalda skuta. Bergen er ein sjøfartsby med sterke historiske bindingar til nordlandsfarten. Ei hardangerjakt måtte vera minstekravet!


Elles vil eg utfordra alle gode krefter private eller offentlege. Gjer noko straks! Rigg skuta ned, set henne på land, legg tak over. Då er ho berga frå forfallet. Lag eit godt prosjekt, så kjem pengane!

Knut E. Skåla,
Rosendal.
(Eg er ikkje i slekt med
"Jøraknut'n".)

Britt Jorunn og hennes flokk

De kommer vaggende inn porten, litt som en flokk ender med brusende fjær, barnehageungene til Britt Jorunn.

Det er et av de herlige synene som møter en når en jobber på Hardanger fartøyvernssenter. Britt Jorunn og hunden Sjark leder an. De sprer rundt seg følelsen av forventning der de strømmer gjennom arbeidsplassen vår på vei til båtene. Britt Jorunn er ildsjelen bak Norheimsund barnehage sin satsing på båtene til Hardanger fartøyvernssenter. Hennes entusiasme er forutsetningen for at ungene kommer seg ut til holmen i robåtene våre.



Britt Jorunn med båten full av unger. Foto: Cecilie Holm.

De går fint i geledd ut til flytekaiaen der robåtene ligger. Britt Jorunn og Sjark går i båten. Ungene står så fint på rekke og rad og venter på sin tur til å klatre ned i båten. Hun har en utrolig disiplin på ungene. Så er det å ro ut til Sandvenholmen som ligger midt i havnebassenget til Norheimsund. Det er ikke langt ut dit, cirka fire hundre meter. Holmen er en fredet plett og en får en liten oppdagelsesfølelse når en stiger i land. Fartøyvernssenteret har lagt ut en flytebrygge så det skal være enkelt for urøynte å fortøye båt og komme seg i land.

Holmen et lite paradys for seg selv

Britt Jorunn har fått noen gamle tau fra "Mathilde" og de er hengt opp som klatretau mellom trærne. I stranda har fartøyvernssenteret bygd en fin grillplass og barnehagen har bygd en lavvo på dugnad inni mellom trærne. Fjæra venter på å bli utforska. Steiner snus eller kastes ut i vannet. Her ute er det nesten leketøyforbud, men spade og bøtter er kjekt å ha. Britt Jorunn forteller at første gangen de var på holmen famlet ungene litt, men siden har leken tatt av fra de kommer i land fra båten. Det hender noen plumper, men skift er med! Så er det å gjøre opp bål enten inne i lavvoen eller ute og nyte nis-

tematen. De store ungene i barnehagen er delt inn sånn at alle ungene er med på utegruppen minst to dager i uken. Leken her ute gjør en utrolig forskjell på motorikken til ungene, forteller Britt Jorunn.

Klokken 14 kan vi på fartøyvernssenteret igjen nyte ungene når de tusler seg opp til barnehagen igjen.

Det er blitt mer rift om bruk av båtene i sesongen, spesielt når fartøyvernssenteret kjører opplegget sitt med skolene, forteller Britt Jorunn. Hun trives best i Roberta, seksæringen som også er kystledsbåten til fartøyvernssenteret, men det går fint å dele ungene på to færingar med en voksen i hver.



Sandvenholmen, Nordheimsund.



Ada klatrer. Foto: Cecilie Holm

Britt Jorunn sine råd

Dersom noen vil gjøre noe lignende så er det viktig at de voksne som skal drifte det er trygge i båt. Er en utrygg vil det smitte over på ungene. Har du noen unger som er utrygge når det bølger litt så syng en sang, for eksempel "Vuggende vuggende" med kontrollert vugging. Det får de garantert til å slappe av. Aberet er at det er slitsomt å ro en vuggende båt! En gang i løpet av de tre årene jeg har drevet dette opplegget har jeg mistet et barn uti. Da var det bare å ta tak i redningsvesten og heise ungen opp. Det er ikke mulig uten

bukgjorten. Så lenge ungen har bukgjort på vestene så gir det meg en trygghet. Det ser jeg som veldig viktig, poengterer Britt Jorunn.

Rongi blir brukt som hedersplass. Det er et godt kort å ha i ermet, dersom en trenger det.

Vi avslutter sesongen før det blir for surt på høsten. Ungene skal trives og da må de ikke fryse. Foreldre som i utgangspunktet ikke er altfor begeistret blir mer og mer positive når de ser hvor godt det gjør ungene deres. Det at vi har ungene ute i barnehagen gir travle foreldre litt mindre dårlig samvittighet for å ikke komme ut med ungene. Ordforråd øker gjennom denne aktiviteten, samtidig som de får en maritim grunnforståelse gjennom bruk av båtene.

For hver gang de tusler gjennom fartøyvernssenteret får de en tilhørighet til bygdas museum. Det hender at vi stopper opp og ser på en båt blir heist på land eller en mast blir reist. Det er kjekt for ungene å se på folk som jobber fysisk. Det knytter ungene til vår kultur, noe jeg ser som veldig verdifull, poengterer Britt Jorunn. Av og til når jeg sitter i fjæra med matpakken og ser på

ungene som leker med naturen og solen glitrer i sjøen, så tenker jeg: "Og dette får jeg betalt for!"

På ettermiddagen når de er på vei tilbake til barnehagen kjenner vi som jobber på fartøyvernssenteret at nå sprer ungen masse glede og ro som de fant under steinene der ute på holmen. Britt Jorunns arbeid er viktig pedagogisk, motorisk, disiplinerende og utviklende.

Det er en kulturell og historisk viktig overføring av kunnskap til neste generasjon.

Britt Jorunn heter Stranden til etternavn, om noen skulle lure.

Cecilie Holm

- Norheimsund barnehage sin utegruppe bruker båtene til HFS fra april og ut september.
- De bruker enten en seksæring eller to færingar.
- Det er alltid to voksne med maks 6 unger pr voksen.
- De er ute i båtene fra ca kl 11 og retur 14.
- Ungene har sine egne vestar med bukgjort!
- Bytteklær i sekken!
- Bare en reiser seg i båten av gangen!
- Opptil 4 dagar i uken brukes båtene i sesongen.

Gavlabåten Johannes er sjøsett!

Etter fleire år på land, og ein langdryg oppussing, fekk gavlabåten Johannes endeleg sjøvatn under kjølen laurdag den 13. november 2010. Det var ein gledens dag i Bergen Kystlag.

Gavlabåten Johannes, tidlegare Blåmann, vart gjeven

til kystlaget av Anita Andreassen for nokre år sidan. Ho hadde eit ynskje om at båten fekk namn etter trubaduren Johannes Kleppevik. I tidlegare tider heitte båten "dykken", og var då dykkarbåt på Bergen hamn. Båten har aldri vore motorisert, og stilken er i original stand. Hamnevesenet slepte

båten ikring på oppdrag. Om bord stod det eit aggregat for hjelmdykkarar. Alderen er usikker, men han er truleg bygd før siste krig.

Det er tidlegare utført ein del reparasjonar på skroget og tilpassa ny mast. Me har no laga til ny mastefisk, styrbord pollar, tollegangar,

segltofte, ny kiste og elles gitt båten ein full overhaling. John Audun Hauge har smidd nytt rorbeslag.



Kystlaget er i gong med riggarbeid, ein fin innandørs aktivitet no om vinteren. Det taklast og spleisast hampetau etter alle kunstens reglar. Johannes skal gaffelriggast, og det er Bjarne Engen som leiar dette arbeidet på kyndig måte. Storseglet og fokka er allereie kjøpt inn av kystlaget. Men toppseglet må syast og klyvaren må likast. Her er det berre å kaste seg inn om ein vil vera med på riggarbeid eller seglsying i vintermørket. Prosjektet er altså komen inn i ein optimistisk fase, der alt arbeidet kastar synlege resultat frå seg.

Det var fire spente karar som la i veg på prøveroing etter sjøsettinga. Båten er ikkje stor til gavel å vera, berre 28 fot, men eg trudde han skulle vere heller tungrodd. Overraskinga var derfor stor då han lett gjekk opp i om lag fire knopp. Johannes er ein god robåt og kan roast langt. Ein sit godt og arbeidar utan strev på tofta. Me trefte godt med

plasseringa av tollegangane!

På nyåret, innimellom riggarbeidet, skal båten nyttast til vinterfiske med line og garn. Fiskeria vert annonsert på www.bergenkystlag.no. Alle håpefulle fiskarar er velkomne.

Per Otto Svendsby

Råseilkurs 1-2.mai 2010 med *Den gode Hensigt*


Kystlaget i Bergen er den stolte eier av *Den gode Hensigt* og har ambisjoner om å bruke den mye. Blant annet arrangeres seilkurs der flere kan innvies i den gamle måten å seile på: Råseil, som altså består av en stor, firkantet seilduk på samme måte som vikingskipene var rigget.

Kystlaget gjorde en avtale med de to erfarne herrer Dag Rune Økland og Eldar Heide, og den sistnevnte av disse påtok seg oppgaven som hovedsmann for seilsen.

Etter et innledende orienteringsmøte noen dager i forveien var det et meget velvillig mannskap som mønstret på denne solrike lørdag. Størstedelen av besetningen hadde erfaringer fra ulike seilbåter i forkant, men der var også noen som var temmelig ferske med seil i det hele. Etter litt arbeid med justering av rigging og plassering av ulikt inventar og utstyr, dro vi avsted.

Opplevelsene fra turen er vanskelige å feste på papir

fordi det var så mye nytt og uventet. *Den gode Hensigt* utgir seg ikke som noe annet enn en gammeldags sognejekt som i lang tid har vært brukt til frakt av gods på Vestlandskysten. Det er en åpen båt, har bare en liten kahytt helt akterut, og hele båtens konstruksjon er



så tydelig. Likevel tok det denne skribent litt tid å forstå omfanget av forskjellene mellom denne og en moderne seilbåt. Når høvedsmannen på høvelig vis, passe høyrøstet og passe høytidelig, gir sine beskjeder til mannskapet som så straks heiser råen (den horisontale bommen som selve seilet er festet i), strammer halsen, skjøtet, bolinen og priaren slik at den gamle farkost temmelig hurtig og bortimot lydløst kommer i fart, ja da blir man begeistret og smilende oppmerksom på båt og mannskap. Det er noe eget ved å befinne seg i en båt der bare tynne bord av tre holder mange hundrede kilo stein flytende. Sittende på ballasten befinner man seg temmelig lavt over sjøen, og mange nye sanseinntrykk følger på: Skvulping av sjø, knirking fra rigg, blafring i seil, men enda mer mannskapets iver etter å lære seg rekkefølger og teknikker. Opplevelsen av å tilhøre et lag kom fort. Det var som om organisasjonsformen ble gitt like mye av båten som av høvedsmann Eldar.

Tilfeldighetene ville det slik at vi seilte på selve 1.mai, en dag med tilstelninger og organiserte arrangement på Torgallmenningen. Vi deltok ikke der, for vi seilte lykkelige vår egen sjø. Om bord var det påtagelig lite debatt om økt kjøpekraft eller lønn for arbeid. Tilhørigheten til hverdagslivet var noe svekket. Vi var et


lag i en båt. Og vinden var sterk.

Wikipedia forklarer betydningen av et kollektiv (oppslag på norsk finnes ikke, her er den engelske varianten): «A collective is a group of entities that share or are motivated by at least one common issue or interest, or work together on a specific project(s) to achieve a common objective.»

På engelsk ville man ikke sagt at Tide eller NSB driver med kollektivtransport, men offentlig transport. *Den gode Hensigt*, derimot, representerer ekte kollektiv transport.

I sin glanstid var båter som *Den gode Hensigt* operert av en besetning på totalt 2 personer, hørte vi høvedsmannen si. Dette virker urimelig sett med mine erfaringer, i hvert fall med mine kontoristhender. Nå er dette en jobb for et helt lite lag, en kollektivøvelse fra middelalderen.

Vi kurset oss sørover fra Bergen. Vi krysset i sidevind og vi krysset i medvind, vi fikk sett nærmere på strandsonen på begge sidene av Byfjorden ut mot Hjeltefjorden og deretter Vaglestraumen og videre. Viktigere enn utsikten var dog øvelsen, rutiner med vendinger og arbeid med seil og tauverk i situasjoner med til dels frisk vind. Det var fabelaktig. Ut på kvelden fant vi frem til en idyl-



lisk liten havn i Sund kommune, Skogsvågen, hvor det lokale Kystlaget lot oss få ta i bruk naustet til spisesal og vi rigget seilloftet om til sovesal.

På vegne av besetningen vil jeg få takke arrangørene Økland og Heide, Bergen Kystlag som stiller selve skuten til disposisjon og vi vil takke Sund Kystlag for deres generøse utlån av naust.

Frode Røynesdal
Bergen

Sveio kystlag

Sveio kystlag held til på Kysttunet på Eikeland i Sveio. Kysttunet er tidlegare Eikeland skule som me har teke over. Her held me alle våre møte og kurs. Kvar onsdag kl 1800 møtes me til dugnad og mykje sosialt samvær. Kaffe og litt attåt høyrer med.

Laget har også det siste året vore aktive i både i lokalmiljøet og ellers på eigen eige-dom. Me har m.a. fått påbygd

og oppgradert kjøkenet. Ulike kurs har vore arrangert: Treskjæring (på 10ende året), trefresing, ruser. Me har og ein god gjeng som arbeider med å restaurere gamle motorar, nokre er ganske spesielle. Dei ynskjer seg nok eit hus å ha dei i, det byrjar å bli eit heilt motormuseum.

Bilet- og museumsgruppa har og hatt sitt å gjere. Me har samla veldig mange gamle handverksting, både frå sjø og

land. Desse vert nå merkte og registrerte. Så skal dei plasserast slik at dei kan visas fram. Noko er blitt slutført og andre saker vert drivne vidare og er gjerne slike som egentlig ikkje har ein slutt. Det vil alltid vera noko som kan hektas på, som man kan arbeida vidare med. Ei slik sak er til dømes arbeidet med den påbegynte Bilet-samlinga. Det starta for TRE år sidan. Me fekk ein forespurnad om å digitalisera gamle bilete frå kommunen. Eigentleg var det vel Sveio Folkebibliotek som fekk forespurnaden. Dei kunne ikkje påta seg den oppgåva då dei ikkje hadde nok timar til rådvelde, og difor vart me i Kystlaget spurde. Me var på eit seks timars kurs kor me fekk høyre kor viktig det var å ta vare på dokumentasjon frå fortida og korleis andre kommunar hadde gjort. Me fekk ein rask gjennomgang i korleis dei ynskte at me skulle registrera, ein del tekniske krav til arbeidet, og ei skriftleg oppskrift. Kystlaget investerte i datautstyr; PC, CD-brennar, scanner og ekstern harddisk. Og då var det berre å setja igong, for me hadde jo fått alle dei gamle filmane og bildene frå to fly-fotograferingar av eigedommar i Sveio. Det var film/foto frå 1957 og 1962 som Sveio Kommune hadde overteke frå Fjellanger-Widerøe.

Me scanna og identifiserte eigedommane, registrerte

Gards og Bruksnr og kven som var eigar den gongen. Ikkje alle bileta var like gode, men me hadde fått vite at ing-



KYSTTUNET (tidl. Eikeland skule) Kystlagets hovedkvarter.



KYSTTUNET og 3 andre bygg (bl. a. ett GRINDABYGG) som er reist av Kystlaget.

enting skulle endras på originalen. Me nytta oss av lokalkjente folk til å identifisera eigedommane. Ikkje alle er rett identifiserte, men me håpar på tilbakemelding om nokon finn feil, for då skal me retta det opp. Når me hadde scanna nokre hundre kunne me lasta dette ned på ei CD-skive og levera denne på Biblioteket som sørge for at biletene vart lagt inn på den nasjonale Folkebibliotekene sin biletbaser. Deretter måtte me sitja på biblioteket og manuelt skriva inn den naudsynte teksten. Dette skulle skje frå ein godkjend maskin i kommunen grunna sikkerheit. Det synt seg og snart at me ikkje hadde fått med oss viktige ting i opplæringa og derfor var det svert mykje som måtte gjerast minst to gonger. Dei som stod for opplæringa kunne dette så godt sjølv at dei ikkje tenkte at andre kunne tenkja annleis.

Og me opplevde jo også at det ikkje er alt i det offentlege som er oppdatert. Programmet som styrte Biletbasen tålde ikkje dei norske bokstavane Æ Ø og Å, og dette måtte me ta hensyn til.

Tre år er forbi og me har lagt inn knapt tusen bilete, og har lært at det ikkje var så mykje av den første informasjonen som kunne brukas. No er desse bileta tekne vare på for framtida og lagra nasjonalt. Likeeins er dei lagra på vår eigen harddisk og på CD-plater ulike stader i kommunen.

Dei kan nå finnas på: www.sveio.folkebibl.no/cgi-bin/websok-bilde, eller ein kan gå inn på kommunen sin Nettstad og så til Sveio Folkebibliotek. Nederst på denne

sida er det ein [Link til Biletbasen](#).


Tre år sidan me starta og først nå kan me byrje og scanna eigne bilete, og samla andre gamle bilete av folk og arbeid i eldre tider. Vi oppmodar difor alle i kommunen til å la oss få lov å kopiere/scanne inn bilete som de ynskjer skal bevaras for framtida. Vi ynskjer bilete og så mange opplysninger som mogleg om bileta. Bileta får de attende. Museumstinga som vert registrerte og merkte tenkjer me oss at også skal fotograferas og dokumenteras på denne måten.

For at det heile skal verta meir tilgjengeleg for folk vil me nå og arbeide med å oppretta ei heimesida på internett og der leggja ut bileta slik at dei kan opplevas av andre brukarar.

Ei sak er å samla ting, men skal det ha meining må dei vera tilgjengeleg for alle som ynskjer å sjå dei. Me må leggja til rette for at folk skal få lyst å sjå det me sjølv tykkjer er verd å sjå.

Laget har kvart år produsert eit Årsskrift til jul. Dette året har me like godt samla mange av dei første artiklane i ei bok, "KYSTFOLK" den handlar


om kystens folk frå vårt lokalmiljø. Berre kjensfolk. Det er ei stor fin bok, og har du ikkje fått den til jul, så er det sikkert råd å kjøpe seg eit eksemplar hos laget. Kroner 300 for ei innbunden bok på 253 sider med mange gode artiklar er ikkje dyrt.



Framsida av boka KYSTFOLK utgitt av Sveio Kystlag 2010
Bildet viser M/k "NYFALKEN" som i 2009 vart redda for framtida av Sveio Kystlag "NYFALKEN" ble bygget på Liereid i Sveio, som Byggnr. 6 ble den sjøsatt i 1952. Den er 50,4 fot og hadde originalt innmontert ein 50 Hk VOLDA semidiesel.


Håper at mange av dykk finn vegen til våre arrangement/møter og ikkje minst til kursa som kjem på nyåret.

Me vil få Ynskja alle lesarar av Årebladet ei velsigna God Jul!!



M/k "Nyfalken" av Liereid.

Rapport fra Austevoll Kyst- og Sogelag



kerfagskulen og av 5 damelag til kapproing.

Ved kystsogeveke i Bekkjarkvik har det dei siste åra vore kapproing mellom fleire bygdelag i kommunen. Herrelag med vandrepokal.

I år vart damene utfordra, og dei tok utfordringa. Karane i Kystlaget var rettleiarar til rosugne lag, og til tider var det kamp om å få øva. Det laget som var ivrigast var Selbjørn. Det var og dei som vann med nokre få sekund.

Me gjekk i vår ut med tilbud om opplæring i segling, og å ta roknappen, men desverre så var det ingen som viste interesse for dette. Kvifor????

Tenkte å prøva att neste år.

Har i høst laga fundament til nytt toalett ved Møllo. Dette trengs da det er mange som nyttar den fine stranda i V. Vinnesvågen om sumaren.

Svein Midtøy

Som dei siste år så har aktiviteten i laget vore rundt båtane våre.

det Pinsevekkene som hadde treff på Selbjørn. Tok 2 turer for at alle skulle få oppleve Notmann under segl. Sjøl om sumaren ikkje var den beste så fekk me mange «kaffeturar».

Har ein Askeladd som me og fekk rigga i vår, og som vart litt brukt av nokre ungdommer.

Bregdo har vore brukt av Fis-

Notmann kom på sjøen sist i mai, og har vore brukt minst ein dag i veka. Torsdagar har vore fast segldag ut fra Bekkjarkvik. Til tider har det vore mange med oss på desse turane. Eit firma hadde ein tur i høve eit seminar, og ein annan gang var



ÅREBLAD:

Organ for Hordaland Fylkeskystlag
og lokallaga i Hordaland av
Forbundet KYSTEN

**HORDALAND
FYLKESKYSTLAG:**

Leiar: Anne Margrete Rødsand,
Keipane Kystlag
Lonerenen 29 A, 5918 Frekhaug
annero@waldebyggevare.no
Tlf. 55012543 / 47329026

Nestleiar: Camilla Blikstad ,
Bergen Kystlag
Flatøyvegen 222, 5918 Frekhaug
ester.blikstad@fof.uib.no
Tlf. 93255783

Styremedlemmer:

Ingunn Vardøy,
Hope Trebåtlag
Pb. 85, 5371 Skogsvåg
sangvard@online.no
Tlf. 56337496 / 97110288
Målfrid Almås, Sagvågen Kystlag
Grunnavågsveien 24, 5410 Sagvåg
Tlf. 53494470 / 97081269
Reidar Kausland, Fjell Kystlag
Vætestøv. 60, 5357 Fjell
Tlf. 56333480/ 92056318
Asle Tindeland, Kystlaget Romsa
Klossteinveien 10, 4250 Kopervik
er-tinde@online.no
Tlf. 52855673/ 92660836

Varamedlemmer:

Magne Fauskanger, Tysnes Kystlag
Nyborg, 5694 Onarheim
magne@fauskanger.org
Tlf. 53434134/ 90059140
John Olav Andreassen, Askøy Kystlag
Øvre Kleppe-vegen 130,
5300 Kleppestø
joandre@broadpark.no
Tlf. 90078448

Helene Ohm, Kystlaget Romsa
5582 Ølensvåg

helene.ohm@c2i.net
Tlf. 91302123

Kasserer:

Helene Ohm, Kystlaget Romsa

Revisor:

Olav Kvitastein

**LOKALLAGA I
HORDALAND:**

Askøy Kystlag,
Pb. 94, 5318 Strusshamn
Leiar: Aksel Monsen,
mu09@online.no
Tlf. 56145646 / 90796698

Austevoll Kyst- og Sogelag,
Husavik, 5396 Vestre Vinnesvåg
Leiar: Svein Midtøy,
smidtoy@frisurf.no
5618 5588 / 950 86 856

Bergen Kystlag,
Pb. 37, Måseskjæret, 5035 Bergen
Leiar: Eva von Hirsch
bergen.kystlag@gmail.com
Tlf. 99875623

Bømlo Kystlag,
Solliia 65B, 5420 Rubbestadneset
Leiar: Kjell Erling Digernes,
kedigernes@sikje.no
Tlf. 53425430 / 97523949

Fjell Kystlag, 5363 Ågotnes
Leiar: Torgeir Evjen,
Torgeir.evjev@vvt.no
Tlf. 56331294/ 91380681

Hardangerfjorden Kystlag
Pb.45, 5600 Norheimsund
Leiar: Geirmund Storaas
info@trebaat.no
Tlf. 41442795

Hope Trebåtlag, 5382 Skogsvåg
Leiar: Siren Sangolt,
siren.sangolt@domstol.no
Tlf. 97686479

Holsnøy Kystlag,
Kaarbøvågen, 5917 Rossland
Leiar: Jegvan Kaarbø,
jegvan@kaarboe.no
Tlf. 91148103

Keipane Kystlag,
Ytre Sæbø, 5938 Sæbøvågen
Leiar: Evy Bjørvi Dame,
evydame@broadpark.no
Tlf. 55227825 / 97423267

Kvinnherad Kystlag,
Furenesvn.34
5450 Sunde i Sunnhordland
Leiar: Jan Steinsland,
jan.magne.steinsland@kvinnherad.kommune.no
Tlf. 53471536 / 41682172

Kystlaget Romsa,
Pb. 20, 5588 Ølen
Leiar: Terje Lunde ,
terje@omega.no
Tlf. 98286812

Sagvågen Kystlag, 5410 Sagvåg
Leiar: Målfrid Almås
Tlf. 53494470 / 97081269

Sund Kystlag,
Pb. 119, 5373 Klokkekarvik
Leiar: Johannes Lidal,
johannes@lykkebu.com
Tlf. 56339565 / 99223733

Sveio Kystlag,
Strømøy, 5554 Valevåg
Leiar: Terje Lier,
terje.lier@norseagroup.com
Tlf. 53742331 / 90837477

Tysnes Kystlag, 5694 Onarheim
Leiar: Leif Dagmund Øvrevåge
leif_ovrevage@hotmail.com
Tlf. 90620668

**LOKALLAG I SOGN OG
FJORDANE:**

Indre Sogn Kystlag
Pb.62, 6852 Sogndal
Leiar: Marny Tønnesen,
marny.tonnesen@barlinn.no
Tlf. 97030828

Kystlaget Hornelen
Gloppestad, 6823 Sandane
Leiar: Svein Ove Ask
uredd@online.no
Tlf. 57867122/ 90040377

**Lag tilknytt
Forbundet KYSTEN:**

Trellevik Båtlag
Leiar: Øystein Trellevik,
oeysttre@online.no
Tlf. 56317904 / 92035874

PÅ FLYTTEFOT ???

Husk å sende melding om ny
adresse til mona@kysten.no
eller ring Forbundet KYSTEN på
Tlf. 22 42 42 82

*Så får du Åreblad og Kysten-blad
etter at du har flytta også!*